



Dette er Rosendalstallen. Frå venstre bak står Tom Enes, Vegard Enes Ludvigsen, Jan Evald Såtendal, Dag Rune Myklebust, Sindre Omvik, Hermund Døssland, Eivind Haavik, Einar Kristiansen og Ivar Gundersen. Foran sit frå venstre Andreas Huse, Kjetil Helvik, Asmir Jakupovic, Johannes Guddal, Sondre Myklebust, Marius Myklebust, Hans Fredrik Zimmer og Eivind Bjørnebøle.

Herrelaget til Rosendal har rykka ned i 6. divisjon, men er kraftig forynga med spelarar frå Uskedalen. Dessutan har dei trenar frå Uskedalen - Ivar Gundersen - som har fått att jobben etter 6 års pause.

Laget har tapt 3 og vunne 3 kampar i tida før seriestart og dei.tapte 6-1 då seriefotballen tok til å rulla onsdag kveld mot Søfteland.

Uskedelingane på laget er Hermund Døssland, Sondre Myklebust, Marius Myklebust, Hans Fredrik Zimmer, Torbjørn Steinsvik og Dag Rune Myklebust. Det er med andre ord 6 spelarar frå vår bygd og Sondre er med sine 15 år den yngste på laget.

Laget har som ambisjon å plassera seg mellom dei 4 beste, seier Gundersen til Kvinnheringen. Mange av dei etablerte har takka for seg etter nedrykket og det er mange unge og nye på laget. I den fyrste treningskampen var det med 7 som aldri hadde spela ein A-kamp.

Men Gundersen rosar gutane for stor treningsiver og god stemning. Han innrømmer han at det ikkje vert lett å rykkja opp, men lovar at dei skal gjera eit ærlig forsøk.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kvinnheringen